



# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 11.07.2024  
**Tidspunkt:** 10:00

---

Velkomen til det fjerde møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2024.

Dette er eit ekstra møte som vert halde på Teams torsdag 11.07.2024 kl 10:00.

Vi satsar på å vere ferdig til kl 11:00.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen

Venleg helsing

Tor Arne Hauge  
Nasjonalparkforvaltar



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 20/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 22/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Oldeskaret - Motorferdsel med helikopter - Rune Aabrekk		2024/8669
ST 23/24	Delegerte saker		
DS 2/24	Delegert vedtak - Dispensasjon - Løyve til uthenting av breis frå Store Supphellebreen		2020/2988
ST 24/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 3/24	Drift av toalett Bøyadalen og Supphellebreen		2024/10561

**ST 20/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 21/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



Arkivsaksnr: 2024/8669-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 08.07.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	22/24	11.07.2024

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Oldeskaret - Motorferdsel med helikopter - Rune Aabrekk

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår søknad om persontransport til Oldeskaret. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 4.1 og naturmangfaldslova § 48.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Rune Aabrekk om løyve til motorferdsel med helikopter til Oldeskaret, datert 04.06.2024.

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark, 25.10.1991
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr.3 – 1994
- Lov om naturmangfald av 19.06.2009

Rune Aabrekk tok tidleg i juni kontakt med nasjonalparkforvaltninga pr. telefon med spørsmål om korleis han skulle gå fram for å søkje om motorferdsel med helikopter. Han ynskte å søkje om persontransport til Jarbu i Oldeskaret, i samband med at ein av initiativtakarane til naudbua i Oldeskaret vert 80-år. Det var ynskje om å få flyge inn jubilanten ein gong i løpet av august 2024 som 80-års presang.


Då Aabrekk ringte var forvaltar i ferd med å lage klar sakspapir for utsending til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt tredje møte, som skulle vere i Stryn 10.juni. Forvaltar gjorde det klart at ein ikkje ville rekke å førebu ein søknaden for handsaming til dette styremøtet, men om søknaden vart sendt inn raskt ville forvaltarane kunne orientere styret om at det var kome inn ein søknad.



Aabrekk vart tilrådd å nytte søknadsskjema for motorferdsel i verneområde, som er lagt ut på nettstaden til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Søknaden vart sendt inn 4.juni på tilrådd søknadsskjema, men var ikkje nådd fram til nasjonalparkforvaltarane til styremøtet. Styremøtet vart tilfeldigvis halde på Aabrekk gard, og Rune Aabrekk nytta høvet til å etterspørje søknaden. Først to veker etter at søknaden var sendt inn nådde den forvaltarane.

### Søknaden

Søknaden gjeld flyging Oldedalen – Jarbu. Det vart søkt om to flygingar tur-retur med helikopter. Hovudføremålet med flyginga er persontransport (80-års presang), kombinert med henting av søppel, m.a. ein utrangert omn som vart skifta i 2023. 80-års jubilaranten er ein av initiativtakarane til at Jarbu vart bygd i 1967/68. Jubilaranten har og eit handikap etter fall frå eit tak tidleg på 2000-talet. Det er søkt om flyging i tida mellom 01.08.2024 og 31.08.2024.



Figur 1 Kart som viser omsøkt flygerute Oldedalen – Jarbu.



### Verneforskrift og verneføremål

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- *Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *Å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

Etter verneforskrifta kap IV, punkt 4.1 er motorferdsel forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark: *«Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast òg om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågflying mindre enn 300 m over bakken er forbode.»*

Forvaltningsstyresmakta kan etter Kap IV, punkt 4.3 gje løyve til motorferdsle for naudsynt transport av ymse slag, men persontransport er ikkje nemnt.

Denne søknaden må difor vurderast som unntak i særskilt høve. Forvaltningsstyresmakta kan i følgje naturmangfaldslova § 48 1.ledd *«...gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

I tråd med naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påvirke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) er det mellom anna sagt at: *«...Naturen sine egne lydar, «stillhet» og fråver av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsl i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit absolutt minimum. ...»*

### Vurdering

Motorferdsle er forbode i nasjonalparken med nokre unntak. Det er ikkje unntak for persontransport. Saka må difor vurderast etter dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48 1.ledd, fyrste alternativ.

I verneområde skal motorferdsle haldast på eit så lågt nivå som mogleg. Slik aktivitet gjev uro og støy som reduserer opplevingsverdien i området. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er det og presisert at *«... det er eit mål å halde motorisert ferdsl i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit absolutt minimum».*

Søknaden gjeld i hovudsak persontransport. Det er samstundes tenkt å ta ut noko søppel som returlast, m.a. ein gamal ovn. At det er planlagt å ta med ut søppel som returlast er ikkje i seg sjølv grunn for å gje løyve til motorferdsel. Det må eventuelt dokumenterast at søppelet



er av ein type og mengde som gjer det nødvendig å nytte helikopter til å transportere søppelet ut av nasjonalparken.

Det er ikkje opning for å gje løyve til persontransport i verneområde, og det må difor vurderast om det er særlege grunnar til transporten. I søknaden er det opplyst at transporten til Jarbu gjeld persontransport i samband med ein 80-års dag. Jubilanten har ei særleg tilknytning til Jarbu, då han var ein av initiativtakarane til at hytta vart bygd i 1967/68. Forvaltar kan ikkje sjå at dette er ein særleg grunn som tilseier at det bør gjevast løyve til motorferdsel til persontransport i dette tilfellet.

Kunnskapen om området er m.a. henta frå Naturbase. Det er ikkje registrert sårbare eller truga naturtypar eller artar i området som vil verte påverka av motorferdsla (Naturbase 08.07.2024). Landing med helikopter vil i liten grad påverke naturverdiane. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 vert vurdert som godt nok til å vurdere saka, og føre var prinsippet nml § 9 vert tillagt lita vekt.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastinga eit tiltak vil få på verneverdiane jf. nml. § 10. Oldeskaret og området rundt er eit mykje nytta friluftsområde. Juli, august og september er den tida det er flest folk som går på tur i området. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel, slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Det er i utgangspunktet ikkje opning for å gje løyve til persontransport i verneområde, og det må difor vera særlege grunnar for å gje løyve. Det er vidare viktig å vurdere kva presedensverknad saka vil gje, og om aktiviteten samla sett kan gå ut over verneverdiane. Ein eventuell dispensasjon må vurderast om den kan gje presedens for liknande saker i dette eller andre verneområde. Dersom eit løyve vil skape presedens, bør det ikkje gjevast dispensasjon frå verneforskrifta. Det er fleire hytter, stolar og naudbuer i Jostedalsbreen nasjonalpark og andre verneområde som kan vere vanskeleg tilgjengeleg for rørslehemma og eldre. Det kan difor koma liknande søknader frå andre område, og denne saka vil difor gje presedens for liknande saker.

Verneområdeforvaltninga har ikkje høve til å vektleggja omsynet til kvar enkelt sitt ynskje om å koma til vanskeleg tilgjengelege område når formålet med transporten ikkje er naudsynt transport.

Nml. § 11 og § 12 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føre til miljøforringing og det er innstilt på avslag i saka.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar at transporten er i strid med verneforskrifta, og innstiller på at det ikkje kan gjevast dispensasjon til transporten etter naturmangfaldlova § 48 og søknaden vert avslått.

## **ST 23/24 Delegerete saker**



**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3133  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2020/2988-0 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 05.07.2024

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	<b>3/2024</b>
-----------------------	---------------

# Delegert vedtak - Dispensasjon - Løyve til uthenting av breis frå Store Supphellebreen

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 fyrste ledd gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette grunneigarane på gards- og bruksnummer 158/1 og 158/2, Liseter og Supphellen, utvida løyve til motorisert ferdsle fram til den regenererte breen mellom Trollabyrgje og Buldrehamrane ved Store Supphellebreen for å hente breis til formidling på Norsk Bremuseum. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet har ei ramme på maksimalt fire turar innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
2. Løyvet gjeld frå 2.juli 2024 til 15. oktober 2024.
3. Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området.
4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
5. Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
6. Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
7. Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 31. oktober 2024.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk.



## Dokument i saka

- Søknad om forlenging av løyve til uttak av breis – Store Supphellebreen, datert 01.07.2024
- Løyve til uttak av breis, utvalssak 06/20, datert 24.02.2020
- Endra vilkår etter klage, utvalssak 17/20, datert 04.06.2024
- Verneforskrift for Jostedalsbreen
- Naturmangfaldlova
- Delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016

## Søknaden

Eigarane av Supphellen gardsdrift søker om eit års forlenging av løyve til uttak av is frå den regenererte breen innanfor verneområdet ved Store Supphellebreen. Søknaden gjeld og nødvendig motorferdsle i samband med uttak av breis. Tidlegare løyve gjekk ut 01.01.2024.

Grunneigarane i inst i Supphelledalen, gnr 158/1 Liseter og gnr 158/2 Supphellen, fekk i 2020 dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdsløse for å kunne ta ut breis for å nytte den i Norsk bremuseum sine utstillingar. Det samla årlege behovet for breis til formidling i utstillingane vart i 2020 opplyst å vere om lag 5 m<sup>3</sup>.

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25.10.1991
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, juni 1994
- Delegeringsreglement for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 14.03.2016.
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldlova).

## Verneforskrift og verneformål

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdifullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) til motorferdsel spesifikt for å hente ut breis. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Dette står i forvaltningsplanen frå 1994 i kapittel 7.3.12 under Forsking og undervisning:  
*«Norsk Bremuseum i Fjærland har trong for bre-is til forskning og utstillingar, og dei ønskjer å samarbeid med ein av grunneigarane om uttak av is frå Trollabyrgje i Supphelledalen, Fjærland. Uttaket gjeld små mengder i høve til det som fell ned frå Supphellebreen. I utgangspunktet ser vi ikkje dette som særleg problematisk fordi tilhøva ligg godt til rette. Korleis og tidspunkt for uttak må likevel diskuterast når søknad om dispensasjon for uttak av bre-is ligg føre. Det vil vere mest praktisk evt. å gje løyve for fleire år om gongen.»*

Om motorisert ferdsel står det følgjande i forvaltningsplanen som kan være relevant for denne saka:

*«Det vanlege er at snøscooter, traktor eller hest vert nytta til utkøyring av ved. Utkøyring med hest slik det skjer i Langedalen i Jølster er tillate. Utkøyringa av ved bør skje mest mogleg sporlaust. Etter utkøyring med hest, vurderer vi snøscooter som det nest gunstigaste. Køyring med traktor i elveleiet om hausten gjev også tilnærma sporlaus ferdsel. Køyring med traktor på barmark vil vanskeleg få løyve.»*

Då det er søkt om eit års utviding av ein dispensasjon gjeve av nasjonalparkstyret og føresetnadane er tilnærma uendra, kan søknaden handsamast av sekretariatet i tråd med punkt 2 a) i delegeringsreglementet.

## Bakgrunn

Grunneigarane inst i Supphelledalen, med gards- og bruksnummer 158/1 Liseter, og gards og bruksnummer 158/2 Nedste Supphella, vart i styrevedtak 24.02.2020 i sak 06/20 gjeve dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdsle slik at dei kan ta ut breis til formidling på Norsk Bremuseum på følgjande vilkår:

1. Løyvet har ei ramme på maksimalt fire turar innanfor vernegrensa med føremål å hente is som er restar etter isras frå brefallet.
2. Løyvet gjeld frå 24. februar 2020 og i fire år fram til 1. januar 2024.
3. Løyvet gjeld før kl 10.00 og etter kl 19.00 for å redusere talet på besøkjande som vert uroa av støy.
4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med traktor med skuffe langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.
5. Den omsøkte aktiviteten skal vere varsam og ta omsyn til dyr, fugl med egg, reir og bo, til folk på besøk i området og skal ikkje øydelegge vegetasjon, tre eller kvartærgeologiske verneverdiar, jf. verneføremålet.
6. Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
7. Køyrebok skal sendast nasjonalparkstyret innan 15. oktober kvart år.

Vilkår 3. og vilkår 4. vart endra etter klagehandsaming i styremøte 15.06.2020 til:

Nytt vilkår 3. i løyvet:


3. Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området.

Nytt vilkår 4. i løyvet:


4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.



Store Supphellebreen er ein utløpar av Jostedalsbreen og ligg halvvegs inn Supphelledalen i Fjærland, Sogndal kommune. Det er ein populær turistattraksjon som, i 2019, fekk permanent toalett for dei besøkande etter mange år med ureiningsutfordringar. Breen har vore delt i to delar i mange år. Den nedste delen, også kalla den regenererte delen, har smelta mykje dei siste åra. Den har fått «påfyll» frå breplataet, men den omfattande bresmeltinga har ført til at den nedste delen minkar betydeleg meir enn den får påfyll.



Figur 1 til venstre og figur 2 til høgre syner hhv flyfoto og topografi i det aktuelle området i Supphelledalen. Den grønne linja markerer grensa til nasjonalparken.



Figur 3 syner den regenererte breen i juni 2023.



Is og grus har lenge vore ein ressurs for dei to gardsbruka som er grunneigarar ved Store Supphellebreen. Nasjonalparkgrensa går på tvers av elvesletta, og gardbrukarane kunne tidlegare hente is utan å krysse vernegrensa, sjå figur 1 og 2.

### Vurdering

Forvaltar er godt kjent i området. Det er tilnærma ingen vegetasjon (sjå figur 3) på elvesletta, og køyrespor vert vaska vekk ved neste høge elvestand/flaumras (nml § 12). Det har til og med vore ei utfordring at både stien, varselskilt og kjettingar som nasjonalparken har sett opp blir vaska vekk når det kjem store flaumar av is og vatn ut av breen. Difor vil det ikkje verte varige køyrespor i området ved å gje dispensasjon til det omsøkte tiltaket.

Den samla belastninga på naturen av tiltaket er liten (nml § 10). Forvaltninga vurderer faren for presedens som liten. Uthenting av breis på staden er særleg nemnt i forvaltningsplanen frå 1994. Gardbrukarane har brukt området til å hente is (innanfor vernegrensa) og stein/grus (utanfor vernegrensa), noko vi ikkje finn tilsvarende i andre delar av nasjonalparken. Isen blir brukt til formidling på Bremuseet, og har pågått i meir enn 30 år. Bruken er ikkje-kommersiell og vert nytta til å spreie kunnskap om breis til besøkande, særleg retta mot barn. Saka er eit godt døme på at klimaendringar påverkar naturen og bruken av området. Då breen var større kunne henting av is gå føre seg utan løyve frå verneforskrifta.

Naturmangfaldlova § 11 vert vurdert som irrelevant i denne saka, men dersom naturmangfaldet skulle bli skadelidande vil tiltakshavar måtte dekkje kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet.

Jamfør naturbase er det enkelte raudlista artar i området, men ingen av disse vil bli skadelidande ved den omsøkte hentinga av is (nml § 8). Difor får § 9 om føre-var lita vekt i saka.

Forvaltar vurderer det som viktig for Norsk Bremuseum å få tak i breis til formidling av tema kring is og klima. Dette er også nemnt i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dei negative konsekvensane av motorferdsla i samband med uthenting av breis inntil fire gonger i løpet av sesongen er små, og knyter seg til at nokre besøkande kan verte forstyrra av motorstøy når dei besøker staden. Konsekvensane for naturverdiane vert vurdert til å vere ubetydelege. Nytteverdien for dei besøkande på Norsk bremuseum vil vere store og nå mange fleire enn dei som vert forstyrra av motorstøy.

Det er søkt om 1 års forlenging av løyve gitt i 2020, men sidan dette løyvet allereie er gått ut vurderer forvaltar det som mest rett å gje eit nytt løyve for turistsesongen 2024. Nytt fleirårig løyve kan søkjast om for 2025 og utover. Ein søknad om nytt fleirårig løyve må handsamast av nasjonalparkstyret.

### Konklusjon

Forvaltar tilrår at det vert gjeve løyve til motorferdsel i samband med uthenting av breis i sesongen 2024.



### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

SNO Jostedalsbreen

NORSK BREMUSEUM MED ULLTVEIT-MOE

SENTER FOR KLIMAVITEN

Sogndal kommune

Bresenteret i

Fjærland

Postboks 153

6848

FJÆRLAND

6851

SOGNDAL

**ST 24/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**RS 3/24 Drift av toalett Bøyadalen og Suphellebreen**